

**Innspel og merknader til kommuneplanen sin arealdel ved  
2.gongs offentleg ettersyn 05.04. – 10.05.2019**

4.gongs handsaming  
06.06.2019

Rådmannen sine vurderingar og tilrådingar.

Gaupne, 28.05.2019.

## NES - HØYHEIMSVIK

10.05.2019 – Per Høyheim dok. nr 201

Han ynskjer å dela frå eit mindre areal som ligg mellom ei tomt og lokal veg, og selja arealet til eigar av tomta (med bustad).

Tiltak 2:

Bygging av mur i sjøen. Han ynskjer å byggja ein mur i sjøen like ved FV55 for å leggja til rette for opphald/fritidsaktivitet og setja opp gapahuk m.m.

Vurdering:

Arealet på vel 800m<sup>2</sup> ligg «klemt» mellom vegen og eksisterande bustadtomt og er eit «restareal» som er regulert til landbruk. Arealet har etter rådmannen si vurdering låg verdi; det er bratt og smalt og lite eigna til sjølvstendig bustadtomt. Det heller ligg ikkje i tilknyting til resten av landbrukseigedommen.

Saka må evt handsamast som ei frådelingssak og ei mindre endring av reguleringsplanen.

Tiltak 2:

Fyllinga vil ligga ca meter frå Fv55 og det inneber utfylling frå vegen. Tiltaket vil ligga innafor vegvesenet si byggegrense for fylkesvegar på 50 meter. Tiltaket føreset dispensasjon frå reguleringsplanen / endring.

Rådmannen si tilråding:

Tiltaka ligg i regulert område og må handsamast som endring av reguleringsplan.

Tiltak 1 må også handsamast som frådelingssak.

## GAUPNE

08.05.2019 – Gisle Haugen dok. nr 191

Planframlegget viser at 9 daa av eigedomen hans, gbnr 85/1, framleis er utlagt til framtidig byggeområde - dette til tross for varsla motsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dette er som Fylkesmannen skriv 9 daa med den beste og flataste dyrka jorda i kommunen - det ligg i ei klimasone med svært gode høve for frukt- og bærdyring og har stor verdi som flat og lettdriven jordbrukssteig. Jorda har også utbygd vatningsanlegg og er ein del av ein større teig som ligg nært tun og driftsbygning.

Eg kan ikkje sjå at merknaden min som vart sendt inn i samband med 1. gongs offentleg ettersyn har vorte handsama i saksutgreiinga i samband med vedtak om 2. gongs offentleg ettersyn. Det er ingen begrunning på kvifor området framleis ligg i planen.

Planutkastet er i strid med rikspolitiske retningslinjer for jordvern ut frå fylgjande punkt:

1. Det er fulldyrka, lettdrive jord.
2. Det er jord med kvalitet i gardskart (NIBIO) vurdert som svært god kvalitet som er høgaste klasse (sjå kartutsnitt)
3. Området har herdigkeitssone/klimasone 4 som er det høgaste me har i kommunen.
4. Det er eit lettdreve areal ut i frå arrondering og tilgjengeleghet.
5. Det er ein del av eit større, samanhengande jordbruksareal.
6. Utbygging vil medføre ulemper for både drifts- og miljømessige forhold for gjenverande jordbruk.

Eg ber med dette om at denne delen av garden med størst jordbruksverdi får liggje ubyggd då den er ein stor ressurs for både meg og bygda.

Vurdering:

I Gaupne er det gjort ei vurdering ut frå framtidig bustadbehov. Utfordringane i bygda er at eignaleg byggeareal er lik dyrka mark. Begrensingane i utbygging ligg i rasfarlege område, flaumutsatte område og dyrka mark. Flaumutsette område kan ein handtera gjennom elveførebygging og heving av areal gjennom utfylling. Rasførebygging er meir krevjande og har pr no ikkje vore gjennomført for å leggja til rette for utbygging. Bustadområde i Røslebakkane vart for nokre år sia sikra ved rasvoll – i etterkant av utbygginga.

Ved utlegging av dyrka mark til bustadbygging i Gaupne vert det også sett krav om høg arealutnytting for å avgrensa nedbygginga av verdfull dyrka mark.

Med bakgrunn i nye krav frå NVE om ny flaumsonekartlegging i Gaupne vert alle forslag om byggeområde oppretthalde. Dette gjeld også Grindane 2, som rett nok har lågare prioritet. Kommunevalnemnda har vektlagt eksisterande driftssituasjon på dei aktuelle gardsbruken når det gjeld utbyggingsrekkefølgje. Dette inneber at bruk med mjølkeproduksjon er nedst på utbyggingsrekkefølgja.

Dei forholda som vert framheva for eigedomen gjeld også for anna jordbruksareal i Gaupne. I stadianalyse Gaupne er det lagt til grunn ei utbyggingsrekkefølgje frå sentrum og framover mot Grindane.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen legg til grunn kommuneplannemnda si handsaming og opprettheld framlegget om at delar av gnr 85/1 Haugen i Gaupne vert lagt ut som byggeområde bustader.

**09.05.2019 – Øyane velforening      dok. nr 193**

Innspelet gjeld byggeområdet Bruflat /Grandmo i Gaupne

Frittliggjande einebustader:

Type bebyggelse for «Bruflat treningsfelt» bør være sjølvstendige og frittliggjande einebustader og ikkje rekkehus slik det er føreslege (side 17 i planomtalen). Området blir omkransa av fleire rekkehus og store leilighetsbygg. Utbyggingtettleiken på «Bruflat treningsfelt» bør difor være på maks 1 - 1,5 bueiningar pr. daa.

Friområde:

Gjeld område som er friområde for eksisterande busetnad i Øyane og Bruflat. Dei er usamde i krav til minimums leikeareal i bustadområde på 25m<sup>2</sup> pr bueining som inneber 1,5 daa for 56 bueiningar. I tillegg må det takast hensyn til allereie eksisterande nærliggjande busetnad i desse berekningane. I den grad det nemnde området skal nyttast til anna formål, må det i så fall være til felles biloppstillingsplass.

Det må framleis vera ballbinge i området, med fleire bustader vil behovet auka og i tillegg bli supplert med tilstøytane friområde/leikeplass. Ein bør sjå omreguleringa i samband med øvrig framkomst for mjuke trafikantar og det vert peika på utbetringar både i Øyagata, gamlebrui og fartsgrense i Øyagata. Spørsmål om kapasitet i skule og barnehage vert etterlyst og leplanting mellom eksisterande og nytt bustadområde.

Vurdering:

I Gaupne er det strenge krav til bygging på dyrka mark. Dette inneber høge krav til arealutnytting – også på eit område som Bruflat. Areal for større bustadomter må finnast utafor Gaupne sentrum som t.d. eit framtidig felt i Marifjøra.

25m<sup>2</sup> pr bueining til leikeareal i bustadområde er eit minimumskrav.

Trafikkforholda i Øyagata må vurderast i ein større samanheng jfr oppgradering, fortau m.m.

Voll med leplanting: jfr forventa krav til flaumsikring kan ein forventa at området må hevast. Ny voll er tiltak som kan vurderast i reguleringsplanen.

Det bør vidare leggjast opp til eit relativt bilfritt områd, der parkering er på utsida av bustadområdet.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen legg til grunn at fleire av merknadane er aktuelt å ta opp når arbeidet med reguleringsplanen startar.

## MARIFJØRA

### 10.05.2019 – Marifjøra velforening dok. nr 196

Har desse innspela:

1. Bustadfeltet Marheim må prioriterast med oppstarting av reguleringplan snøggast råd. Med fullført gangsti og press på bustada real i Gaupneb ør dette feltetprioriterast.
2. Ny drikkevasskjelde Sviiggaplassane og Marifjøra.
3. Vidareføring av gangsti frå bru Marifjøra opp til avkjørsel Lad. Dette er skuleveg og veg til busstopp.
4. Redusert fartsgrense mellom busstopp Lad og Marifjøra bru med avkøyningsfil til Marifjøra.
5. Merke og opparbeide kyrkjevegen Marifjøra – Joranger.
6. Lys på gangsti Marifjøra – Gaupne.
7. Redusert fartsgrense frå Marifjøra til Hunshamar til 50 km. Vegen blir mykje nytta til rekreasjon og det er 3 nye avkjørsler på vegen.
8. Opprustning av sentrum Marifjøra. Ledningsnett lagt i jordkabel, nye gatelysstolper. Fortau frå Marifjøra bru til kaien.
9. Asfaltering frå Marifjøra bru opp til parkering ved bedehuset.
10. Utviding av parkering ved bedehuset Marifjøra.
11. Opparbeiding av strandsone ved parkering plass Marifjøra. Kai anlegg benker lys. Ca2 5 meter.

Vurdering:

Det vert førebudd planarbeid for bustadbygging i Marifjøra i perioden fram mot 2021, men her må grunnlags-investeringar(VA) og grunnerverv klargjerast betre før ein startar opp.

Fylgjande oppgåver er fastlagt: Ny vassfosyning i Marifjøra ligg inne med utgreining av fleire alternativ. Avlaupsanlegg skal også utgjeraast

Bustadfelt Marheim ligg i planleggingsprogrammet. Oppstart ikkje fastsatt

Dei andre tiltaka som vert etterlyst er i hovudsak budsjettssaker og må fylgjast opp i økonomiplanen.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg innspelaet.

## HAFSLO

### 08.05.2019 – Sogndal Pistolklubb dok. nr 195

Klubben ynskjer å byggja ei korthaldsbane på Hillestadstølen i tilknyting til eksisterande skytebaneanlegg.

Dei har sikra seg avtale med grunneigar på areal utafor området som er avsett til «Skytefelt/øvingsområde», slik at heile øvingsområdet vert utvida. Utvidinga er på ca. 9300m<sup>2</sup>o g er tett inntil den eksisterande skytebane og er dermed ingea vesentleg stor endring av dagens bruk av området.

Dei planlegg å starta arbeidet med anlegget så snart alle søknader og finansiering er i orden

Det er ingen tilsvarande banar i indre sogn og nærmest er i Florø.

Anlegget vil vera eit tilbod til klubbar i fleire kommunar og regionale stemner.

Det er også eit stort behov for forsvaret (HV - 11) som er involvert i planane. Politiet i indre

Sogn er også interessert i å bruke anlegget.

Vurdering:

Dei har meldt tiltaket inn til idrett- og friluftsplan for 2019.

Tiltaket inneber ei utviding av området som er avsett til skytebane i gjeldande KPA. Utvidinga er av eit slikt omfang at det må gjerast ei konsekvensvurdering av tiltaket. I så fall inneber dette nytt ettersyn av planen og rådmannen legg til grunn at planen vert sluttbrandsama i kommunestyret i juni 2019.

Rådmannen si tilråding:

Tiltaket vert ikkje innarbeidd i KPA 2019 og oppmodar tiltakshavar om å koma med innspeil ved oppstart av neste rullering i 2022.

## SOLVORN – SMÅBÅTHAMN M.M.

### 25.04.2019 – Tarjei Byrkjeland Aasen, dok. nr 185

Stiller spørsmål ved kvifor alternativ i Habn er teke ut, og meiner dette burde vore utgreidd nærmare sia dette er einaste staden kor det er mogeleg å etablera ei småbåthamn utan at det får konsekvensar for landskapsbiletet i Solvorn. Dei to alternativa er ikkje saklege både med tanke på vind og is. Han meiner at eit alternativ i Habn kan planleggast utan utan å konfiskera eller fragmentera jordbruksareal ved å leggja vegen ved hammaren sør i Habn

Vurdering:

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg innspeilet

### 03.05.2019 – Yngve Kirkeby dok. nr 189

Eigar av gbnr 176/5 i Neset.

Planane for småbåthamn vil øydeleggja for det som er å oppfatta som Solvorn sitt nærområde og det som han oppfattar som føresetnad for «Forvaltningsplanen for Solvorn» generelt, og BLV-4 spesifikt,

Kommentaren er basert på Solvorn båtlag sitt ynske om 20 båtplassar. Ei evt småbåthamn med 50 plassar vil meir enn fordobra effekten av dei fleste av punkta som er nemnde. I og med at det ikkje føreligg ei oversikt /teikning over plasseringa vert det teke utgangspunkt i at båtan skal plasserast like utafor hans eigedom. Det vert vist til plandokumenta og omtale av småbåthamna og at ei småbåthamn vil i tillegg til båttrafikk også generera landbasert trafikk.

Landbruk

Neset ligg i eit landbruksområde som er underlagt strenge reguleringar og det er korkje veg eller sti til området, som i dag berre er tilgjengeleg frå fjorden. For å koma fram er ein avhengig av å kryssa landbruksområde på eigedomane gbnr 176/28, 176/8 eller 176/5 som i dag vert nytta til førproduksjon og beite. På Neset er det etablert vatningsanlegg med vatn frå Hafslo-vatnet. Dette er no under oppgradering. Tilrettelegging av tilkomst til småbåthamn kan føra til at gangtrafikken innover langs fjorden vil etablira seg på eigedomen og kryssa dyrka mark.

Båtbrukarane kjem til å måtta frakta med seg alt som vanlegvis ikkje ligg i ein småbåt som t.d. bensin, reservekanner, fiskeutstyr/ teiner, redningsvestar, mat og drikke etc. Dette må på eitt eller anna vis fraktast til båten – evt i trillebåre dersom det ikkje er veg. Også desse treng eit areal – og det trengst areal til veg. Dette vil gå ut over førproduksjonen.

Ureining

Etablering av småbåthamn i området vil føra til auka ureining – forsøpling. Dette i form manglande søppelhandtering og toalettfasilitetar ved anlegget. Ureining ved båtvedlikehald i form av oljeprodukt til båtane, vaskemiddel som då kan enda opp i strandkanten.

#### Anna sjenanse

Uansett intensjonar og foraningar vil det ved å etablera småbåthamn litt avsides kunna forventast at nokon kjem til å ta seg til rette på naboeigedomane t.d ved grilling og opphold. Det vert auka støy frå ulike båtaktivitetar både på dag og kveld – dette vil merkast godt i eit område som frå før har lite støy. Slik båthamna er vist på kartet vil det kunna leggja begrensingar for minst to eigedomar i området.

#### Andre moment

Dei andre etablerte båthammene i Luster har alle veg eller parkeringsplass like ved. Kvifor gjera det verre for småbåteigarane i Solvorn. Parkeringssituasjonen i Solvorn er allereie ei stor utfordring. Alternativ parkering ved kyrkja er ikkje eit alternativ og fleire vil parkera i sentrum. Dette vil skapa kaos i kaiområdet

Han vonar at rådmannen si tilråding om ikkje å ta området inn i planen vert teke til fylge.

#### Vurdering:

Sjå under – samla vurdering

#### **09.05.2019 – Solvorn bygdelag            dok. nr 197**

Reguleringsplanen for Solvorn har vore det styrande dokumentet for bygnings- og arealforvaltning i medhald av plan- og bygningslova sidan 1995. Av tiltak gjennomførde i medhald av planen er konsekvensane av biltrafikken i tilknyting til badeområdet det klart mest negative for opplevinga av Solvorn, og det som skapar mest ulemper. Utviding av badeområdet utan at trafikkproblema på førehand er løyste, bør absolutt ikkje skje.

Småbåtanlegg og småbåthamn i Solvorn bør vera småskala-anlegg med færrast mogleg uheldige verknader i høve til dei omsyna som reguleringsplanen vernar om. Bygdalaget meiner at eit avgrensa småbåtanlegg i Neset slik Solvorn båtag ynskjer, dvs. for fastbuande og personar med fritidseigendommar i bygda, i liten grad kjem i konflikt med verneomsyna i planen.

Bygdalaget peikar på at at Habn er eit alternativ for ei større småbåthamn med nødvendig infrastruktur, men at dette ligg lenger fram i tid. Forslaget om etablering av småbåthamn ved Vetlekaien gjev enkel tilkomst for solvorningar, men skapar veg-og parkeringsproblem på grunn av krav stilt til småbåthamn. Lokaliseringa vil få klart uheldig visuell verknad for strandsitjarmiljøet sett frå fjorden, og vil koma i strid med føresetnader lagde til grunn for reguleringsplanen, der flyteanlegg ikkje skal plasserast framfor strandsitjarmiljøet av visuelle omsyn. Eit anlegg på denne staden vil krevja solide bølgjebrytarar. Vetlekaien som lokal møte- og trivsellass vil ikkje bli like attraktiv som no.

Bygdalaget tilrar at kommunestyret gjev klarsignal til å starte arbeidet med eit småbåtanlegg i Neset innafor rammene i reguleringsplanen med filfri tilkomst. Bygdalaget meiner at tal båtplassar på denne staden bør begrensast til maks 25.

#### Vurdering:

Sjå samla vurdering

#### Rådmannen si tilråding:

**10.05.2019 – Solvorn båtlag dok. nr 200**

Styret i Solvorn båtlag er samråystes når det gjeld val av plassering av båtanlegg.

Dei meiner reguleringsplan frå 1995 opnar for at det kan etablerast småbåtanlegg i området frå Neset og 200 meter vestover. Solvorn båtlag ser føre seg eit heilårsanlegg med 30 båtplassar. Dei forventar ei snarleg løysing på saka.

**10.05.2019 – Eli og Johan Fraas dok. nr 199**

1. Parkeringsplass i «Habn». Dei er nøgde med at Habn ikkje lenger aktuell for småbåthamn. Men vi ser i arealplankartet at parkeringsplassen til anlegget framleis er teikna inn og føreset at dette vert retta opp.

2. Parkeringsfil langs rv. 338 Vi viser til kommentarane frå forrige høyringsrunde, og står fast på at vi ikkje under nokon omstende frivillig gir frå oss grunn til parkeringsfil langs rv. 338.

3. Småbåthamn frå «vetlekaien»: Dei eig den private delen av «Vetlekaien». Vi i utgangspunktet ikkje negative til ei løysing der, men føreset at deira båtplassar og tilgang til sjøen ikkje vert hindra. Om så må tilgangen/båtplassane verta tilstrekkeleg kompenserte.

Vurdering:

Parkeringsplass i Habn er teke ut av plankartet.

Parkeringsfil langs Rv55 er ikkje sak i KPA

Rådmannen noterer seg innspelet om småbåthamn på Vetlekaien.

Rådmannen si tilråding:

Sjå samla vurdering i slutten av dokumentet

## 1. LAG OG ORGANISASJONAR

**12.04.2019, Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, dok. nr. 183**

Forumet ynskjer å invitera kommunestyret og administrasjonen til samarbeid om planlegging etter plan- og bygningslova. Dei ynskjer å bidra til løysingar i miljøsaker kommunen har mynde og plikt til å løyse, både for å dekke grunnleggjande behov i lokalsamfunnet, og for at vi skal nå FN sine berekraftsmål og 2030 - agendaen, som Noreg har vedteke som målsetting. Det vert peika på dei globale klimautfordringane, riksrevisjonen sine rapportar om arealstatus og arealutvikling og FN sine berekraftsmål.

Dei meiner også at kommunane må ta sterkare føringer for private reguleringsplanar for å vektleggja omsynet til miljøet sterkare.

Konklusjonen deira er at ein ikkje kan halda fram med større arealendringar eller fragmentering av landskapet bit-for-bit-utbygging. FN sine rapportar må leggjast til grunn slik at forvaltninga vert tilpassa regelverket og målsetjingane for 2030-agendaen.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

**10.05.2019 Sogn og fjordane fiskarlag, dok. nr. 198**

Fiskarlaget har ingen merknader til planframlegget.

Vurdering:

**2. REGIONALE FAGMYNDIGHEITER OG OFFENTLEGE FØRETAK****09.04.2019 – Fiskeridirektoratet, dok. nr. 181**

Dei seier seg nøgde med at kommunen har tatt omsyn til deira merknader når det gjeld å ta med registrerte fiskeområde i Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2030.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

**03.05.2019, Statens vegvesen (SVV), dok. nr. 187**

Dei legg til grunn at tidlegare merknadar til førre høyringsframlegg er innarbeidd i plan. Dei har desse tilleggsmerknadar /kommentarar:

**Etterspør nye føresegner****Handsaming av overvatin**

Dei etterlyser føresegner som skal sikre planlegging for handsaming av overvatn og skadefri avrenning under ekstremvær . Vi gjer merksam på dei forholda som omhandlar dreneringssystem og spesielt utbyggingsprosjekt der den tekniske infrastrukturen overlappar med Statens Vegvesen sitt forvaltningsansvar og eigedom. Statens vegvesen legg til grunn handbok N200 – Vegbygging, ved eigne bereknin gar knytt til hydrologi. Dette kan kommunen følgje nærmere opp i sin hovudplan for vatn - og avlaup. Vi tilrår at det bør vera ein overordna føresegn om dette i kommuneplan.

Det er ikkje fastsett byggegrenser til offentlege vegar i kommuneplanen (jf. pbl § 11 - 9 nr.3).

Det er såleis veglova § 29 som gjeld for område som ikkje er omfatta av reguleringsplan der byggegrensa er fastsett.

**LNF - område for spreidd utbygging**

Det er sett av både eksisterande og nye områder for spreidd utbygging av bustader og fritidsbustader. Det bør kome fram av føresegndene at eksisterande avkjørsler frå offentleg veg i størst mogleg grad skal nyttast. Dette bør også gjelde for spreidde næringsetableringar som uansett må ha godkjent løyve for endra eller utvida bruk før det kan etablerast ny avkjørsle frå fylkes veg.

**Fortetting i eksisterande bustadområde**

Dei er i utgangspunktet positive til bustadfortetting i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna planlegging. Vi konstaterer at det er opna for fortetting i eksisterande bustadområde utan utarbeiding av reguleringsplanar, dette er regulert gjennom føresegner og at det er sett eit øvre tak på 2 nye bustader i same prosjekt, men at det ikkje er gjort nokon vurdering av det samla potensiale for fortetting innan kvart aktuelt byggeområde. Vi meiner føresegndene bør vere tydelegare slik at det ikkje vert opna for bustadeiningar i eit omfang som t.d. kan overbelaste kapasiteten på det aktuelle vegnettet m.m., utan at dette er tilstrekkeleg utgreidd. På eit gitt nivå med utbygging av mange bustadeiningar bør krav om reguleringsplan likevel verte vurdert

**Næringsområde**

Nye næringsområde bør ha krav om trygge og gode løysingar for trafikkavvikling. Dette skal sikrast gjennom trafikkanalysar og rekkjefølgjekrav. Statens vegvesen tilrår at planframlegget inneheld ei slik føresegns.

Vurdering:

Føresegns knytt til overflatevatn er teke inn som nytt punkt under føresegner.

Rådmannen si tilråding:

**03.05.2019 – Kystverket, vest dok 189**

Dei ber kommunen leggja inn farleiene som går inn Lustrafjorden og Gaupnefjorden i plankartet. Utover dette har dei ikkje merknader til tiltak som småbåthamn i Solvorn og naturområde på Flahamarskjeret.

Vurdering:

Rådmannen er samd med kystverket og plankartet vert endra slik at farleiene vert vist. Farleiene vert vist i plankartet.

Rådmannen si tilråding:

**10.05.2019 – NVE, dok. nr. 204**

NVE meiner at kommunen har teke dei grepa som vi hadde merknad til i samband med offentleg ettersyn. Med føresetnad om at våre råd ovanfor vert innarbeidd i planen før sluthandsaming og gjeldande i vedteken plan, kan NVE trekke motsegn er til planframlegget på alle punkt.

Vurdering:

Rådmannen har lagt vekt på å ta omsyn til og innarbeida dei innspela som NVE har kome med i planprosessen og meiner at

Rådmannen si tilråding:

Kommuneplannemnda tek til fylgje dei merknadane NVE har kome med når det gjeld farevurderingar.

**13.05.2019 – Sogn og Fjordane fylkeskommune, dok. nr. 202 og dok 2xx**

Fylkeskommunen har etter fråsegsna kome med ei presisering av si fråsegns.

**Kulturminne**

Automatisk freda kulturminne

Fylkeskommunen held på retten til seinare å uttala seg til reguleringsplanar/detaljplanar/meldingar for å undersøke om tiltaka kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dersom slike kulturminne blir påvist, må dei forvaltast i samsvar med vanleg forvaltingspraksis.

Nyare tids kulturminne

Dei er positive til at det er lagt inn omsynssone kring det freda huset på Fladhammer og kulturminna knytt til Ludwig Wittgenstein i Skjolden i planen. Vidare er det positivt at de har bandlagt området rundt Ludwig Wittgenstein sitt hus ved Eidsvatnet i påvente av oppstart av fredingssak.

Tilhøvet til verdsarvminnet Urnes stavkyrkje og småbåthamn i Solvorn

Når det gjeld tilhøvet til verdsarvminnet Urnes stavkyrkje syner dei til brev av 15.11.18 i samband med første gongs offentleg ettersyn. Vedrørande etablering av ny/utviding av eksisterande småbåthamn bad vi her om at det vart sett etter ei alternativ plassering av småbåthamn utanfor

Solvorn. Vi ser at det i planen framleis ligg inne to forslag til småbåthamn i Solvorn, Vetlekaien og Neset, og at de skal ta stilling til ei av dei etter høyringa. Vi meiner framleis at de av omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn og Solvorn som innfallsport til verdsarvminnet Urnes stavkyrkje ikkje bør etablere ny eller utvide eksisterande småbåthamn, men heller finne ein lokalisering for småbåthamn ein annan stad i kommunen.

Dersom det ikkje er mogleg å finne ei alternativ lokalisering av småbåthamn ein annan stad enn i Solvorn er Alternativ B Vetlekaien det som etter vår vurdering har minst negativ påverknad på dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn og Solvorn som innfallsport til verdsarvstaden Urnes stavkyrkje. Neset har få nyare inngrep og dei meiner det er viktig at ein unngår nye inngrep i dette området.

Dersom småbåthamna på Vetlekaien skal utvidast er det etter vår vurdering viktig at dette vert ein svært av grensa utviding og kun som forlenging av eksisterande anlegg. Ved ei utviding av Vetlekaien er det viktig at ein ikkje kjem i konflikt med dei gamle strukturane for tettstaden Solvorn. I dykka kommentarar til innspel og merknadar etter første gongs høyring vert utvidinga av Vetlekaien skissert til å omfatte 20 nye båtplassar, noko som vil vere ei dobling av tal båtplassar. Vi vil i denne samanhengen råde dykk til å redusere talet båtplassar til 10, fem på kvar side av flytekaien. Dette for å avgrense omfanget av tiltaket og den negative effekten det vil ha på opplevinga av dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn.

#### Presisering:

Fylkeskommunen har i ettertid kome med ei presisering av si fråsegn knytt til småbåthamn i Solvorn.

Fotomontasjen i KU tolka dei slik at det allereie låg ei flytebrygge ved Vetlekaien. I ettertid har dei vorte klar over at det ikkje er tilfelle. Dei meiner framleis at av omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn, og Solvorn som innfallsport til verdsarvminne Urnes stavkyrkje så bør ei småbåthamn etablerast ein annan stad i kommunen og at ein her bør gå for 0-alternativet.

Dersom det ikkje er mogleg å finne ei alternativ lokalisering av småbåthamn ein annan stad enn i Solvorn, er Alternativ B Vetlekaien (i form av flytebrygge som vist på illustrasjon i konsekvensutgreiinga) framleis det som etter vår vurdering vil gje minst negativ påverknad på dei kulturhistoriske verdiane i Solvorn. Det er problematisk med ei småbåthamn i verneområdet og ei etablering av ei flytebryggje som forlenging av Vetlekaien vil vere eit framandelement som er uheldig med omsyn til den godt bevarte strukturen til tettstaden.

Fylkeskommunen meiner likevel at Vetlekaien er å føretrekkja framfor Neset. Flytebryggje er ikkje ein permanent installasjon og ein kan dra nytte av eksisterande infrastruktur.

Ved etablering av småbåthamn på Neset vil det etter vår vurdering på sikt kunne oppstå *behov for bygging av ny infrastruktur i form av vegtilkomst og parkering knytt til småbåthamna*. Dette, saman med bygging av sjølve hamna, vil føre til større inngrep og ei større negativ verknad på dei kulturhistoriske verdiane i området enn ved å etablere ei flytebryggje ved Vetlekaien.

#### Vurdering:

Sjå samla vurdering

#### Rådmannen si tilråding:

**09.05.2019 – Direktoratet for mineralforvaltning dok. nr 194**

*DirMin har ikkje merknader til planframlegget*

**10.05.2019– Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, dok. nr. 203**

Fylkesmannen viser til det som gjeld fråfall av motsegnene under dei natur- og miljøfaglege merknadene og dei landbruksfaglege merknadene. Med bakgrunn i dei endringane som er gjort i plankartet og føresegnene, og ut frå ei totalvurdering, finn dei å kunne fråfalle alle motsegnene dei fremja i samband med 1. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen.

Dei har tidlegare varsla at eit føreslege hytteområde på Veitastrond, som er teke inn i planframlegget ved 2.gongs høyring, utløyser eit motsegsbehov frå Fylkesmannen. Arealbruken her kjem i strid med statlege og viktige regionale interesser innan naturmangfald og landskap. Kommunen har i etterkant varsla at rådmannen ikkje vil fremje det nye hytteområdet på Veitastrond som del av planframlegget. Fylkesmannen legg til grunn at hytteområdet vert teke ut av planen, og at motsegsgrunnlaget dermed fell vekk.

Det ligg såleis an til at Luster kommune kan eigengodkjenne arealdelen til kommuneplanen.

Vurdering:

Rådmannen har lagt vekt på å ta omsyn til og innarbeida innspel knytt til plantekniske forhold som fylkesmannen har hatt merknader til. Når det gjeld motseger knytt til delområde meiner rådmannen at ein samla har kome fram til ei god løysing jfr område som er teke ut og område som er lagt inn. Det siste gjeld m.a. hytter på Ytre Eikum og lokalisering av nytt støslområde på Dulset i Mørkridsdalen.

Rådmannen si tilråding:

Kommuneplannemnda tek til fylge dei merknadane fylkesmannen har kome med når det gjeld plantekniske forhold og tilrådingar for einskildområde som rådmannen legg fram i saka.

Samla vurdering småbåthamn Solvorn:

Rådmannen ser utfordringane med etablering av småbåthamn i Solvorn og har forståing for ynskje om eit felles anlegg for båtplass i bygda.

Reguleringsplan for Solvorn må endrast for å gje plass til småbåthamn og ikkje småbåtanlegg.

Habn med det aktuelle alternativet vart også vurdert i KPA vedteken 2015, og forkasta. Habn vart trekt ut av planframlegget av kommuneplannemnda i møte i mars 20

Grunneigar har varsla at dei ikkje vil gje frå seg grunn frivillig og kommuneplannemnda er oppteken av å finna løysing utan

I møte i kommuneplannemnda 05.12.2018 sak 111/18 gav kommuneplannemnda denne føringa for vidare arbeid:

*«Småbåthamn» i Solvorn – alternativ i Neset vert prioritert, jf. innspel frå båtlaget. Habn vart då trekt ut. Ved utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn vart eit nytt alternativ ved Vetlekaien lagt ut. Kommuneplannemnda tek stilling til val av løysing etter høyringa er avslutta.*

Uansett lokalisering av småbåthamn må reguleringsplanen for Solvorn endrast for å gje plass til anlegget. Eit småbåtanlegg må i så fall knytast til bestemte eigedomar i Solvorn. Slik båtlaget er organisert er ikkje dette aktuelt. Reguleringsføremålet vert difor «Småbåthamn».

Ei utfordring jfr etablering på Neset er difor om alle båteigarane etter kvart vil akseptera at det ikkje er vegtilkomst til småbåthamna.

Lokalisering av småbåthamn i tilknyting til Vetlekaien vil byggja vidare på båttradisjonen i området. Solvornstrondi utvikla seg gjennom mange hundre års båttrafikk og fungerte som landing- og losseplass.

Rådmannen meiner at småbåthamn på Vetlekaien vert ein møteplass som vil styrka sentrumsmiljøet etter at butikken vart lagt ned. I kombinasjon med ny kafe som er under planlegging i ei sjøbu like ved, vil dette styrka området som møteplass.

Behovet for parkeringsplassar er mindre ved alternativ Vetlekaien. Gangavstand frå Storekaien til Neset er som sagt 650 meter og skapar eit større behov for køyring.

Med ei båthamn i Neset med plass til 30-50 båtar vil det etter kvart verta ulikt syn på behovet for tilkomst og landareal. Dei som i dag jobbar for å få etablert ei småbåthamn på Neset har nok ikkje det behovet, men spørsmål er om alle dei som skal etablera seg med båt der ute etter kvart har det same synet – og kanskje dei har andre behov og ynskje jfr å kunna lett koma fram til båten med utstyr og anna dei skal ha i båten til båtturar.

Rådmannen meiner at det på sikt vil pressa seg fram eit behov for køyreveg og landareal for ei båthamn med plass til 30-50 plassar. Rådmannen meiner framleis at det er berre eit alternativ for vegløysing.

#### *Dei kulturhistoriske verdiane*

Det pågår eit større arbeid for å løfta fram dei kulturhistoriske verdiane både på Ornes og i Solvorn, med dette auka trafikk i området. Som verdsarvkommune meiner rådmannen at ein har eit stort ansvar i å forvalta desse verdiane – også for komande generasjonar. Dette inneber at ein bør trå varsamt med nye større anlegg i bygda.

Både fylkeskommune, riksantikvaren peikar på 0-alternativet som føretrekt løysing. Alterntativ 2 er likevel Vetlekaien som også fylkesmannen peikar på som føretrekt løysing. Eit nytt anlegg i urørt kulturlandskap og at behovet for køyreveg og anna infrastruktur som vil pressa seg er dei vesentlegaste argumenta.

Statens vegvesen har i si tidlegare fråsegn av trafikkmessige omsyn (parkering) rådd sterkt i frå Neset som løysing.

#### *0-alternativet*

Rådmannen meiner at det kan leggjast til rette for småbåthamn ved Vetlekaien og ser ikkje 0-alternativet som ei aktuell løysing.

#### *Rådmannen si tilråding:*

Kommuneplannemnda legg til grunn at Vetlekaien i Solvorn vert omregulert til småbåthamn med sikte på å gje plass til 20 båtar.